



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juli 2021

64. årgang



**Sol og regn på Gulatingsstaden. Frå gudstenesta 1. pinsedag 2021**

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS:** Brekke: 85357, Gulen: 85358,  
Mjømna: 85360.

**TRYKKERI:**

**ETN Grafisk, 3701 Skien**

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**

**og MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Kåre Sigurd Krakhella,** tlf.

90075286. [kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Mina Cathrin Dahl**

**Andreassen.** Tlf. 92631866

[mina.andreassen@hotmail.com](mailto:mina.andreassen@hotmail.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Neste nr. kjem i oktober.

Innleveringsfrist: 15.09. God ferie!

## Ferieavvikling på kyrkjekontoret

Kyrkjevevja har ferie frå 2. juli til 25. juli. I denne perioden har kontorfullmektig Margrethe Skåden gravferdsvakt, og kan kontaktast på mobil 48120586. Andre førespurnader må rettast til Margrethe i kontortida: Torsdag kl. 12.40-16.00 og fredag frå kl. 08.00-12.00. Telefon: 57782093. Mail: [post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no). Sokneprest Per Børge Hillestad har ferie frå 12. juli til 15. august.



## Sommar, sol og Gud

Etter ein lang og mørk vinter er det fantastisk å kjenne sola varme og sjå at det veks og spirer rundt oss. Det er like fascinerande kvar gong når eg ser at nytt liv spirer opp frå jorda, ser knoppar sprette ut på nakne tre og buskar, høyre fuglane kvitre og byggje reir for å gjere klart til nytt liv. Nokre gonger når vinteren er på det mørkaste og kaldaste, er det ikkje så lett å sjå at det kan vekse noko opp av

den kalde jorda. Det er flott å ha årstider, slik at me merkar endringane i naturen og at me oppdagar kva for eit under det er kvart år når det spirer fram nytt liv frå den brune marka, og graset vert grønt og fint.

Jesus sa òg noko om dette i Bergpreika: *Ver ikkje urolege for morgondagen. Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med.*

*Er ikkje livet meir enn maten, og kroppen meir enn kleda?*

*Sjå på fuglane under himmelen!*

*Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk:*

*Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande!*

*Difor må de ikkje vera urolege og seia: 'Kva skal vi eta?' eller: 'Kva skal vi drikka?' eller: 'Kva skal vi kle oss med?' For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette. Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg*

*for sitt. Kvar dag har nok med si møde. (Matteus 6,25–33)*

Når me ser korleis Gud kvart år skaper nytt liv, kler naturen i flotte fargar og gjev naturen og dyra det dei treng, kan det hjelpe oss til å tenkje at Gud gjev kvar einaste av oss det me treng; mat, klede, kraft og styrke til å leve dag for dag. Ingenting er som dei første dagane ein kan kjenne at sola varmar og me kjenner heilt konkret at det er noko der ute som er større og sterkare enn oss menneske, og som gjev oss varme og kraft til å leve livet vidare. Det hjelper oss til å sjå livet i eit anna perspektiv, etter tunge månader går livet vidare, og det kjem lysare tider.

I løpet av livet vårt er me gjennom årstidene fleire gonger. Då er det godt å vite at uansett kor kald og tung hausten og vinteren har vore, kjem det ein ny vår og sommar. Med våren og sommaren kjem alltid sola som me kan kjenne varmar oss og gjev ny styrke. Nå går det mot sommar og ferie, og me kjem forhåpentlegvis til å kjenne sola varme oss mange dagar. Kjenn på denne varmen frå sola, og tenk at det er Gud som fyller deg med nye krefter og varme som du kan leve på når det vert haust og vinter og når det vert tunge tider i livet ditt.

*Per Børge Hillestad*



## Pinsegudsteneste på Gulatingsstaden

I fjor sette koronaen ein stoppar for den tradisjonelle pinsegudstenesta på tusenårsstaden på Flolid, men i år kunne vi igjen samlast for å feire pinsedagen; kyrkja sin fødselsdag. Gudstenesta var ved sokneprest Per Børge Hillestad.



Det var dåp i gudstenesta, og vi fekk alle vere vitne til at vesle Leah Sofie vart innlemma i kyrkjelyden.



Vêret var fint i starten på gudstenesta, men etter kvart kom regndropane, og paraplyane måtte fram.

Men det understreka berre sanninga i orda i den gamle pinsesalmen (nr 226 i Norsk salmebok):

*Kom regn fra det høye, la jorden opplives som blomstrende dal.*

Det var med stor glede og takksemnd vi fekk møtast til gudsteneste på ein nokolunde vanleg måte igjen.

## Den heilage ande og dåpen


Eg har no vore klokkar i Gulen kyrkje i over førti år og vore til stades ved mange barnedåpar. Dåpen er ein vakker sermoni. Foreldre, fadrar og slekta kjem i sin finaste stas, ofte dress- eller bunadskledde, og det heile har preg av høgtid og tradisjon.

Av og til tenkjer eg på om vi som kyrkjegjengarar forstår kva vi eigentleg er med på i dåpen.

Fyrst får kyrkjelyden høyre forteljninga om Jesus og småborna. Så vert barnet velsigna med krossens merke. I sjølve dåpshandlinga får barnet Den heilage ande innpoda. Det skjer ved at presten



auser vatn over hovudet til barnet tre gonger: I Faderen, Sonen og Den heilage andes namn. For symbolsk å understreke at barnet no har fått sitt indre lys, vert - slik som eg forstår det - dåpslyset tent på altaret og gjeve til ein av foreldra eller fadrane.



*Aage Sandal på sin vante plass ved lesepulten i Gulen kyrkje. (Arkivfoto 2009)*

Tanken er at dåpsbarnet no er eit Guds barn, det har motteke Den heilage ande og har Gud og Guds lys i sitt indre. Ein gudegnist, eit indre kompass.

Kan vi gå så langt som å seie at mennesket no er blitt guddommeleg? Personleg trur eg det.

Kyrkja lærer om Den treeinige gud, tre likestilte, men likevel forskjellige sider av den same gud. Mennesket er blitt ein del av guddommen.

«Eg har sagt: De er gudar», seier Jesus til jødane (Joh. 10.34).

Korleis skal ein i praksis forhalde seg til ein slik tanke?

Det er nok av folk som har trudd dei var guddommelege, og med store negative konsekvensar.

Men eg trur at Gud på ein eller annan måte er i vår psyke, i vår sjel.

Vi er skapte i Guds bilde, i hans likning. Vi er ikkje Gud, men vi har Guds himmelrike inne i oss.

I moderne tenking har mange vitenskapsmenn avskaffa omgrepet sjel. Dei finn ikkje noka sjel blant hjernens nevronar.

Når vi har ei oppleving, er det berre ei nervecelle som fyrer av: atom og partiklar virrar hit og dit. Noko meir er det ikkje. Dette har eg aldri godteke. At det er nerveaktivitet i samband med ei oppleving, er heilt tydeleg, men det er ikkje sjølve opplevinga. Hjernen er ein reiskap for sjela. Bevisstheita, medvitet, kjensla av at eg er eg, kan aldri forklarast berre ved partikkelrørsløse.

Mi tru er at sjela er vårt eigentlege eg. Ho er eit mikrokosmos, der det er rom for alle opplevingar.

Og det er psyken eller sjela som går inn i ei tid- og romlaus verd når reiskapen hennar, kroppen, ikkje lenger er til.

Eg tenkjer meg at livet er ei mental vandring mot Gud. På denne vegen er kyrkja ei god hjelp.

Skal vi finne «perla i åkeren» (Matt. 13, 44-46), så er kyrkja ein god stad å vere. Vi treng bønene, vi treng samtalane med Gud. Vi treng syndsvedkjenninga så vi kan bli litt meir

audmjuke og ikkje dømme andre så lett.

Vi treng nattverden som ei trøst og trygghet på at vegen til himmelen står open.

Og ikkje minst treng vi Den heilage ande som vegvisar og inspirator. Den heilage ande skal opplyse oss om det som er rett. Då må vi lytte til vårt indre, til våre kjensler, til intuisjonen og våre draumar.

Vegen til Gud er kjærleikens veg – ei sjangling mellom motsetningane godt og vondt. På denne vegen treng vi kunnskap, innsikt og klokskap.

Kjærleik er ikkje berre det å vere snill og medgjerleg, men også å ta val.

Vala kan vere både gode og dårlege, der refleksjon og måtehald er naudsynte. Vi kan aldri vere sikker på kva som er rett, og i siste instans kan vi ikkje gjere anna enn å legge saka fram for Den heilage ande og håpe på at «det milde ljuset vil leie oss gjennom skoddeheimen» (Norsk salmebok 858).

*Aage Sandal*

## Besøk i Gulen kyrkje 15.juni

Tysdag 15.juni fekk vi kjekt besøk i Gulen kyrkje, då 1.og 2. klasse ved Eivindvik skule tok turen til kyrkja. Dei hadde lært om kyrkja i KRLE-faget, og lærar Tove tok kontakt for ei omvisning.

Slike besøk set vi stor pris på, og borna såg, spurde og undra seg.



Dei tykte prest Per Børge hadde ein fin prestekjole, og den kvite stolaen var den flottaste!

Elles fekk dei gå ein tur opp på galleriet, sjå på orgelet, prøve preikestolen og samle seg rundt lysgloben.



Vi håpar mange av dei har lyst å kome tilbake når kyrkja inviterer til tårn-agentsamling.

Nokre av elevane visste at då kunne dei få klatre ein tur heilt opp i tårnet,- spennande!



Takk for besøket, og velkommen tilbake til kyrkja ved seinare høve!

*Ingunn Sognnes*

## Kyrkja ho er eit gamalt hus



Nyleg møtte det meg eit begredeleg syn ein dag eg kom inn i stova. Vi er i slutten av juni, og julekrubba er rydda bort for lenge sidan. Men peparkake-

kyrkja har eg ikkje hatt hjarte til å fjerne, og no hadde naturen ordna opp sjølv. Den varme sommarsola blei for intens for glasuren som heldt byggerket saman, og kyrkja seig i hop i ein ruin. Då kom ei strofe frå barndommens salmeverspugging plutselig ramlande ned i hovudet på meg:

*Kyrkja ho er eit gamalt hus,  
Står om enn tårna mun falla,  
Tårn etter tårn dei sokk i grus,  
Endå kan klokkene kalla ....*

Den originale teksten til salmen er av Grundtvig. Nynorskteksten er ved Anders Hovden, og salmen står på nr. 530 i Norsk salmebok.

Det skal meir enn eit tårnhavari eller ein hardbalen koronapandemi til for å ta knekken på kyrkja. I snart halvanna år no har kyrkja meir eller mindre vore nedstengd. Gong etter gong har tillyste gudstenester og andre samkomer blitt avlyste. Folk har måtta halde avstand og innretta seg som best ein har kunna ut frå dei restriksjonane som til kvar tid har styrt tilværet vårt. Men kyrkja har overlevd, og det er vi – du og eg – som får vere med på å bygge henne vidare. Grundtvig/Hovden uttrykkjer dette på sin måte i eitt av versa:

*Me er Guds hus og kyrkje her,  
bygde av levande steinar,  
som under kross med ærleg gjerd  
trua og dåpen sameinar.  
Var me 'kje fleir enn to på jord,  
Ville han bu med livsens ord  
Hjå oss med heile sin nåde.*

*Anne*

# Konfirmantar 2021

## GULEN SOKN

### Eivindvik:

Amund Bruåsdal Haveland  
Hannah Aurora Rutledal  
Alette Leknes  
Nora Svaberg  
Domonkos Jobbagy

### Dalsøyra:

Brage Birkeland Kjelby  
Daniel Fanebust  
Aron Wergeland Oppedal  
Lars-Georg Samuelsen  
Andreas Teigen Wangensten

## BREKKE SOKN

Mathilde Håvåg Wergeland  
Elena Sætre Vagstad  
Olav Horne  
Henning Avedal Hjartholm  
Espen Oppedal  
Vebjørn Hantveit Breidvik  
Elias Tveit

## MJØMNA SOKN

Isak August Natås Unneland  
Live Areklett

## Konfirmasjonane

**Mjømna kyrkje:** 5. september.

**Gulen kyrkje:** 19. september.

**Brekke kyrkje:** 26. september.

## Kjære konfirmanter!

Jeg må være verdens heldigste prest som har fått muligheten til å bli kjent med dere!! Jeg har blitt så glad i dere gjennom dette året. Det ble et anner-

ledes år enn vi hadde tenkt, mye ble stengt ned, og både leir og enkelte gudstjenester ble avlyst. MEN.. dere har vært ærlig gjennom hele året og vist meg noe av hvem dere er, og det er jeg så takknemlig for.



*Arkivfoto frå ein tidlegare konfirmasjon*

Man tenker ofte at det er presten som skal lære konfirmanter noe, men slik tenker ikke jeg. Dere konfirmanter har gitt meg tid og rom til å få prøve og feile, både i gudstjenester og i konfetimene. I fellesskap tror jeg at vi har fått til noe.

Dagene våre kan være ulike, men i fellesskapet med dere har jeg kunnet få søke både oppmuntring, trøst og også veiledning.

Etter en konfetime eller gudstjeneste sammen med dere, så kjenner jeg på glede når jeg kommer hjem til presteboligen. Det er min opplevelse at Gud har gitt meg en gave når jeg skulle få bli kjent med dere.. TAKK!

Nå er dette langt ifra en avskjedshilsen.. om ikke så lenge så står selve konfirmasjonene for tur, og jeg håper dere GLEDER dere! Så håper jeg også at vi sammen skal få oppleve spennende ting i fremtiden. I konfe-



timene har jeg snakket mye om en reise Kristin (min kone) og jeg fikk legge ut på for et par år siden mot Nepal.

Og livet er vel egentlig en reise, er det ikke det?

Planen til min kone og jeg var at vi skulle lage en dokumentarfilm om misjonsarbeidet til Himalpartner (tidl. Tibetmisjonen), og vi bestemte oss for å kjøre bil fra Norge til Nepal.

Vi merket begge at bønner fra kirkene hjemme ble sendt oppover når vi kom i vanskelige situasjoner.

Midt i Iran fikk vi motorproblemer da en bensinstasjon fylte bensin istedenfor diesel på tanken. Bilen fungerte etter dette, men ikke for full maskin. Vi skjønnte at det ville være for farlig å reise gjennom Pakistan med en bil vi ikke kunne stole på.

Det som imidlertid ble sterkt for oss, er at før dette skjedde, så fikk vi en mail. Noen ganger er det sånn i kirken at man kan få noen vink, bilder eller budskap ovenfra, og i mailen vi fikk, så stod det noe om at avsenderen var blitt minnet om at *drivstoff* kom til å få betydning. Dette skjedde altså

lenge før vi kom i vanskeligheter med bensin på dieseltanken, men det gjorde at vi virkelig kjente at vi hadde en Gud som fulgte med oss i alt, også i de ting som opplevdes dramatisk.

Vi opplevde at Gud stoppet oss på et riktig sted hvor vi fikk møte flere vennlige iranere, som vi fikk utvikle livsvarige vennskap med.

Turen ble for oss et slags bilde på livet. Det er ikke alt vi forstår, men vi

har løfte om at Gud er med oss, både i det vi forstår og det vi ikke forstår.

Og oppdraget skal vi få fullføre.

Jeg er så spent på å etter hvert få høre hva dere skal få oppleve!

Jeg ønsker dere en riktig god sommer, jeg er glad i dere!

*Per Børge*

## Utegudsteneste på Sande

20. juni vart det utegudsteneste på Sande, ved Per Børge Hillestad.

Her er eit par glimt frå gudstenesta.



*Foto May-Lynn Osland*



*Foto: Mina Andreassen*

## Gravplassar og gravstell

Når våren kjem, er det tid for å gå over gravplassane og sjå om det er steinar som er lause eller har velta, gravlykter som er komne på avvegjar eller anna som må ryddast opp i. Det har vore dugnad både på gravplassen i Brekke, i Eivindvik og på Mjømna.



*Takk til dykk som har vore med!*

Men når det gjeld sjølve gravstaden, så er det dei pårørande som har ansvar for den. Samtidig er det regulert i vedtektene korleis ein kan plante og pynte. Viser til vedtektene for gravplassane i Gulen, § 5:

*« I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går utover plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor gravminnet. Dersom vokstrar i plantefeltet vert høgare enn gravminnet eller veks utover plantefeltet på 60 cm, kan festar/ansvarleg bli pålagd å skjere ned/ta vekk planten/busken.»* Vidare står det om dekorgjenstandar:

*«Eventuelle dekorgjenstandar monterte på gravminne, på planteplate eller i plantefelt, skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet/plantefeltet. Dekorgjenstandar skal vere sømelege og av ein kvalitet som tåler tilhøva på gravplassen. Festar/ansvarleg for grav skal førebygge at ikkje lause dekorgjenstandar bles bort, og skal fjerne gjenstandane etter bruk. Kyrkjeleg fellesråd har ikkje erstatningsansvar for skade på dekorgjenstandar i plantefelt, innramming av plantefelt eller planter i plantefeltet når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen»*

På nokre graver har tidlegare plantingar blitt store, slik at dei dekkjer heile gravminnet og går langt utover plantefeltet. Dersom det ikkje blir gjort noko av pårørande, kan vi måtte fjerne slike plantingar. Dette vil lette arbeidet for dei som har ansvar for å slå gravplassane, i tillegg kjem gravminnet fram att. I løpet av vinteren er det også nokre gravsteinar som er blitt skeive og må rettast opp. Der det er fare for velting vert gravsteinen lagt ned. Det er festar sitt ansvar å få retta opp gravsteinen slik at den er forsvarleg festa, og at sokkelen ikkje «slepper» frå jorda. Kyrkjeverja prøver få gitt beskjed til pårørande når det blir oppdaga, men det er likevel pårørande sitt ansvar, og kyrkjeverja vil ikkje ha full oversikt til ei kvar tid. Har du spørsmål kring graver og gravstell, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

## Å bli sett

Djupast i oss er vel dette:

Å bli sett.

Å bli henta fram og gjort synlege.

Å bli tatt imot.

I kvarandre sine blikk kan vi  
veksa eller krympa.

I kvarandre sin aksept

Veks vi til det beste i oss.

Våre møte er ikkje likegyldige.

Greit å hugsa det.

*Bente Bratlund*



## Takk

Hjarteleg takk for minnegåva ved  
Håkon Gudleik Asheim si gravferd.

*Gulen Røde Kors*

## Hjarteleg takk

I samband med Ole Morten Bøe sin  
bortgang vil vi takke alle som deltok i  
begravelsen 10.05.21, og for all om-  
sorg, gode ord og blomsterhelsingar  
til familien. Vi takkar for minne-  
gåvene til Landsforeningen for hjerte-  
og lungesyke.

*Laila Bøe med familie*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### **GULEN SOKN:**

**21.03.21:** Eline Brosvik Rotneim.

For.: Vidar Rotneim og Karianne  
Brosvik.

**23.05.21:** Leah Sofie Winther Høydal.

For.: Eirik Magnar Høydal og Silje  
Helene Winther.

**27.06..21:** Ada Nicolaisdotter Lihaug.  
For.: Synne Lihaug Kroken og Nicolai  
Andersen.

#### **MJØMNA SOKN:**

**12.06.21:** Hanna Øvrebø. For.:  
Kristine Elverum og Rune Øvrebø.

**20.06.21:** Annie Baarøy Mjånes. For.:  
Jan Erik og Cecilie Baarøy Mjånes.

#### **BREKKE SOKN:**

**21.03.21:** Håkon Hope Oppedal.  
For.: Malene Oppedal og Vegard  
Asheim Hope.

### **Vigde:**

#### **MJØMNA SOKN:**

**12.06.21:** Kristine Elverum og Rune  
Øvrebø. Vigde på Skjerjehamn.  
Busette på Frekhaug.

#### **BREKKE SOKN:**

**29.05.21:** Wanja Thorsen Ynnesdal  
og Aksel Andreas Atterås.

### **Døde:**

#### **BREKKE SOKN:**

**19.05.21:** Signe Holen Oppedal,  
f. 1948.

**15.06.21:** Jostein Ynnesdal, f. 1951.

**24.06.21:** Elfrid Dyrøy, f. 1944.

#### **GULEN SOKN:**

**15.03.21:** Johan Martin Slengesol,  
f. 1939.

**29.03.21:** Inga Søreide, f. 1921.

**02.05.21:** Ole Morten Bøe, f. 1943.

**28.05.21:** Laura Johanne Opdal,  
f. 1927.

**02.06.21:** Berit Loftheim Straume,  
f. 1944.

**06.06.21:** Else Johanne Indrebø,  
f. 1943.

# Kyrkjekalenderen



*NB!! Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i aviser, på oppslag og på nett: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no) og på Facebook: kyrkjaigulen*

**11.07.**, 7. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad.  
Offer: Søndagsskulen i Norge.

**18.07.:** Ikkje gudsteneste.

**25.07.**, 9. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens bymisjon.

**01.08.**, 10. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Alværa.

**08.08:** Ikkje gudsteneste.

**15.08:** Ikkje gudsteneste.

**22.08.**, 13. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon.  
Offer: Alværa.

**22.08.**, 13. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer.

**29.08.**, Vingardssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon.  
Offer: NMS.

**05.09.**, 15. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmasjon.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**12.09.**, 16. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens SOS. Soknemøte etter gudstenesta. Sak: Ombygging Brekke kyrkje.

**19.09.**, 17. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmasjon.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**26.09.**, 18. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmasjon.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**26.09.**, 18. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: NMS.

**03.10.:** Ikkje gudsteneste.



(Teikning: Marit Sandal)